

På leit etter samanhengar mellom helgenkult og namneskikk: *Synneve* og *Borni*

Av *Torodd Kinn*

Saint Sunniva, the only female Norwegian saint recognized by the Catholic church, is known to have been venerated throughout Norway before the Reformation. This mythical figure grew out of an older collective of saints and appears in medieval sources. Another female figure belonging to the same collective is known only from post-Reformation sources, where she is called Saint Borni (or Borne). Sunniva is connected to the island of Selja (an early episcopal residence with several churches and a monastery) in the Nordfjord district and became the patron saint of Bergen. Borni is connected to the island of Kinn (with a medieval church) in the Sunnfjord district. Both of the given names Synneve (< Sunniva) and Borni are known to have been more frequent in Western Norway than elsewhere. The present article investigates the geographical distributions of these names, esp. in the 1801 census, and discusses whether they may reflect veneration of Saint Sunniva and Borni before (and possibly after) the Reformation.

Innleiing

Kristendommen har hatt overmåteleg stor innverknad på fornamna i Noreg og andre land der han har rådd (Johannessen 2002). Allereie i mellomalderen hadde ein stor del av nordmennene namn som enten hadde komme til landet med kristentrua, eller som var heimlege, men hadde vunne i popularitet som namn på helgenar. Det fremste dømet på det siste er sjølvsaagt *Ola(v)*, som utan tvil kan takke «Noregs evige konge», Olav Haraldsson den heilage, for posisjonen sin som eitt av dei mest brukte namna i landet gjennom tidene. Namnet *Ola* var i 1781–1800 det mest frekvente mannsnamnet med meir enn dobbelt så mange berarar som namnet på andre plass, *Anders* (NPL: 624). På 14. plass låg *Halvor* i den same perioden, dvs. namnet til den andre store mannlege norske helgenen, Hallvard (loc.cit.). Ein framståande kvinneleg norsk helgen er Sunniva, og namnet *Synneve* låg på 25. plass mellom kvinnenamna i desse åra (op.cit.: 625).

Namnet var vanlegast i Sogn og Fjordane, noko som neppe er tilfeldig, sidan Sunniva-legenda er knytt til Selja i Nordfjord.

Det har vore forska ein del på utbreiinga av fornamn i tilknytning til helgendedikasjonar av kyrkjer (Schmidt 1992, Dybdahl 2000, 2008), og Johannessen (2013) undersøker utbreiinga av tre helgennamn på Vestlandet. Kruken (1991) tar for seg *Olav* i høve til reformasjonen, men elles er det forska lite på utbreiinga av namn med bakgrunn i norske helgenar. Opplysningar i *Norsk personnamnleksikon* gir rett nok eit visst oversyn; liksom *Synneve* var vanlegare på Vestlandet enn elles, var *Halvor* vanlegast på Austlandet, mens *Ola* var høgfrekvent i store delar av landet.

På dei norske nettsidene sine opererer den katolske kyrkja med sju norske helgenar, som vi kan ordne kronologisk:¹

- Sunniva (900-talet, mytisk irsk kongsdotter)
- Olav Haraldsson (f. 990-talet, d. 1030, norsk konge)
- Hallvard Vebjørnsson (ca. 1020–1043)
- Magnus Erlendsson (ca. 1076–1115, jarl på Orknøyane)
- Ragnvald Kollsson (ca. 1100–1158, jarl på Orknøyane)
- Øystein Erlendsson (ca. 1120–1188, norsk erkebiskop)
- Torfinn (d. 1285, biskop av Hamar)

«Dei norske helgenane som slo igjennom og var dyrka innanfor eit større område, var Sankta Sunniva og seljumennene, Sankt Olav og Sankt Hallvard. Kulten av Olav var mest utbreidd, kulten av Hallvard minst.» (Mundal 1995: 111.) Sunniva av Selja voks fram som ein hovudhelgen med utgangspunkt i eit mytisk helgenkollektiv: seljumennene. Dette kollektivet var knytt til to stadar ytst på kysten av Fjordane: Selja i Nordfjord og Kinn i Sunnfjord; sjå Figur 1. Den sentrale staden var Selja, og her var Sunniva hovudpersonen. Ho er kjend frå mellomalderlege kjelder på både latin og norrønt.

I tillegg til dei helgenane som den katolske kyrkja anerkjenner, finst det ein liten «underskog» av det Mundal (op.cit.) kallar mindre helgenar – historiske eller mytiske, som har vore dyrka meir lokalt. Éin slik mindre helgen er Borni av Kinn, som òg har stige fram frå seljumannakollektivet. Ho er nokså sikkert ein yngre skapnad enn Sunniva, for vi kjenner ho berre frå lokale segner og to omtalar frå 1600-talet.


I denne artikkelen vil eg undersøkje den geografiske utbreiinga til namna *Synneve* og *Borni*. Mens helgenstatusen til Sunniva er velkjend og vi veit at namnet *Synneve* er særleg utbreidd på Vestlandet, er Borni ein forholdsvis lite kjend figur, og det har aldri vore gjort noko forsøk på å undersøkje ein mogleg samanheng i utbreiing mellom halvhelgennamnet *Borni* og helgennamnet

¹ www.katolsk.no/biografier/historisk/helgener, besøkt 20.06.2016.

Synneve. Kan namnegeografien og helgenkulten kaste lys over kvarandre i dette høvet?

Seljumennene, Sunniva og Borni

Det er skrive mykje om Selja, Sunniva og seljumennene, og ein god del om Kinn og tilknyttinga til Selja. I det følgjande prøver eg å få fram hovudtrekka, og eg legg vekt på det som knyter saman dei to øyane og «heltinnene» i historia: Sunniva og Borni.



Figur 1. Øyane Selja og Kinn. Kartgrunnlag: <http://www.norgeskart.no>.

«Kulten av seljumennene og Sankta Sunniva, herunder også dei heilage på Kinn, er ifølgje dei seinare skriftlege kjeldene den eldste helgenkulten i Noreg.» (Mundal 1995: 120–21). Seljumannamessa, den 8. juli, er opplista i *Eldre Gulatingslov* og skal etter seiande der stamme frå vedtak på Mostertinget ca. 1020–25 under leiing av Olav Haraldsson og biskop Grimkjell (op.cit.: 121). «I lovene dukkar Sankta Sunniva opp først i Bergens-redaksjonen av Magnus Lagabøtes nyare bylov frå 1276.» (Mundal 1997: 90.) Men Sunniva er kjend frå legender på latin av høgre alder, og legender på norrønt som er frå om lag same tid som bylova, men truleg er bygde på eldre forelegg (for detaljar om handskrifta, sjå Rekdal 1997). Dei latinske legendene er truleg knytte til overføringa av relikviar frå Selja til Bergen i 1170 (Borgehammar 1997). I tilknytning til Kinn er det først frå to 1600-talskjelder at vi har opplysningar om individet Borni som leiar for seljumannakollektivet der (sjå nedanfor).

Kulten av seljumennene ser altså ut til å vere noko eldre enn Sunniva-kulten. Men den nedskrivne legenda er fast knytt til individet Sunniva. Historia er i den latinske versjonen lagd til Otto 1. si tid, dvs. midten av 900-talet, og i dei norrøne til Håkon jarl si tid, altså den siste fjerdedelen av hundreåret. I alle versjonane er Sunniva ei kristen kongsdotter i Irland som får ein heidensk beilar. Heller enn å gifte seg med ein vantru flyktar ho med eit stort følgje av menn, barn og kvinner i båtar utan årar. Båtane driv mot Noreg og kjem til kysten av Fjordane. Der vert dei spreidde, og dei fleste i følgjet bergar seg i land på Selja, men nokre på Kinn. Der buset dei seg i hellerar, dyrkar Gud og lever av fiske. Øyane var ikkje busette av nordmenn, men der gjekk dyr på beite. Når nokre dyr kjem vekk, mistenkjer bygdefolket seljumennene og varslar Håkon jarl, som reiser med eit følgje til øyane. Seljumennene på Selja oppdagar det, går inn i holene sine og ber Gud om å la dei døy der. Dei blir høyrde, og fjellet rasar saman. Tidleg i styret til Olav Tryggvason (konge 995–1000) blir det oppdaga eit velduftande menneskehovud på Selja, og seinare finn ein det uskadde liket av Sunniva. Funnet er knytt til Sunnivahola eit stykke opp i bergveggen.

Den seinare historia med kyrkjer og kloster lyt stort sett ligge her. Men éi av kyrkjene på Selja var vigd til den engelske helgenen Albanus (død rundt 200 eller 300). I éin av dei norrøne legendeversjonane (*Soga om Olav Tryggvason etter Odd munk Snorresson*) er Albanus kalla bror til Sunniva og var med på flukta frå Irland; han døydde og vart funnen saman med søstera. Men i den andre versjonen (*Flateyjarbók*) vert det peikt på at Albanus døydde i England (utan at det står direkte at han ikkje var bror til Sunniva). Annan familie enn eventuelt Albanus er ikkje nemnd i mellomalderlegendene.

Vi går til yngre tider og Kinn. Her ligg Kinnakyrkja, som truleg er frå 1100-talet (seinast tidleg 1200-tal). Den eldste bevarte teikninga av kyrkja er frå ca. 1626 og er laga av Jon Skonvig frå Skånevik (ca. 1600–64), då student og

seinare prest på Sjælland. Saman med teikninga finst det ein tekst med anonym forfattar som fortel kven som skal ha bygd kyrkja: «Denne Affritzede kirke findes vdi Bergenstift vdi Sundfiord vdi Kindens Præstegield paa Kinden, huilken sigis at være bygd aff S. Borne, een aff di helgen som bleff foredffuen fra Irland, om huilke[n] helgen vidløffteligere fortællis vdi S. Sunnivæ hindis historie.» (Moltke 1956: 191, her sitert etter Losnegård 2012: 137.)

Den andre staden Borni er nemnd på 1600-talet, er i brev frå Gert Miltzow (1629–88), prest på Voss, til historikaren Thormod Torfæus (Jón Helgason 1967). Han skriv i 1684: «Den Relation jeg hafver hört om S. Sunova oc de andre tvende Jomfruer, som dog io kun er nogle faa linier, skall jeg sóge op oc sende hannem», og i 1685 nemner han «den tilsagde Efterretning om S. Sunniva oc de andre hendis medsöstre» (op.cit.: 290). I 1686 nemner han «den meddeelte St. Sunnufves Legend» og skriv dette:

Om deß lige skriftlig noget skall findis om de andre tvende söstre, St. Marita oc St. Borni, som man kalder dem, hafver jeg ingen vißhed; alligevel siunis den almindelige oc bestandige Beretning om dennem (om vel med nogen ulighed i nogle omstendigheder som oc vel i viße Historier icke sielden forefalder) icke ganske ad kan holdis for urictig oc intet.

Som vi ser, er Marita og Borni omtalte som (med)søstrer av Sunniva. Betydninga her er kanskje ikkje ‘biologisk søster’, men medlem av same kristne fellesskap. Men til dømes Schäfer (2014) omtalar dei beintfram som søstrer; «sie floh mit ihrem Bruder **Alban** - in den Geschichten nach der Reformation kommen noch die Schwestern **Borni** und **Marita** hinzu» (uthevingar originale), og likeins hos Mundal (1995: 122). (Eg har ikkje klart å finne ut noko meir om denne Marita. *Marita* er ei form av *Margareta*. Det finst fleire utanlandske helgenar med det namnet, men denne Marita høyrer tydelegvis til seljumannakollektivet.) Det viktigaste i breva frå Miltzow er at det går fram at forteljningane om desse to heilagkvinnene er «almindelige og bestandige», og at han festar ei viss lit til dei. Det er altså utbreidde historier som folk må ha trudd på. Det same viser notatet frå 1620-talet omtalt ovanfor.

Endå yngre er den overleverte segna om korleis Kinnakyrkja blei bygd. Ho er nedteikna av Nikka Vonen (1836–1933; skulestyrar, folkeminnesamlar m.m.) i Dale i Sunnfjord og trykt i *Dølen*, 6. årgang nr. 49 i 1869 i «Segner fraa Sunnfjord, fortalde av gamle Synnve». «Jau da va try Jomfrue, so va i Havsnau. Dei gjore dan Lovnaen at vart dei redda, sku dei byggje kver si Kirkje. [... D]an trie kom te Kinn.» Jomfrua får hjelp av ein tusse som byggjer kyrkja mot at ho skal bli kona hans når bygget er ferdig – om ho ikkje klarar å gjette namnet hans. Idet han er i ferd med å legge siste handa på verket, får ho kjennskap til namnet og ropar til han: «Agte deg no Vindfløy, du inkje dette ne» – men det gjer han sjølv sagt og slår seg i hel. Her er det berre tussen som er nemnd ved namn, og

segna er nokså stereotypisk i klassen av forteljingar om troll som kyrkjebyggjarar. At jomfruene var i havsnaud, stemmer med Sunniva-legenda. Når det er tale om tre jomfruer, heng det nok saman med dei tre helgenfigurane i tre i Kinnakyrkja. Dei står no på ein vegg i koret, men var del av altertavla fram til 1703 (Vederhus 1990: 12). Figurane viser St. Barbara, St. Katarina og Maria Magdalena, men lokalt er dei kalla høvesvis Sunniva, Borni og Ingebjørg. St. Katarina (død ca. 300) har her forfølgjaren, keisar Maxentius, ved føtene. Lokalt er Maxentius tolka som tussen Vindfløy.

Det er omdiskutert kva som kan vere den historiske bakgrunnen for Sunniva-legenda. Noka Sunniva er ikkje kjend frå irsk historie, men det har vore argumentert for at det kan ha budd irske eremittmunkar på Selja og Kinn, liksom det gjorde på enkelte stadar i Vesterhavet (Hommedal 1997 a). Sunniva sjølv er det mindre grunn til å tru på som historisk person, og Borni er temmeleg sikkert ein skapnad av yngre alder enn Sunniva-figuren.

Samanhengen mellom Selja og Kinn er uansett klar. Han er klar i legendene, og det er påfallande naturlikskap mellom stadane. Kyrkje- og klosterkomplekset på Selja låg på nordvestsida av øya, rett ut mot havet, og det same gjeld Kinnakyrkja. Sunnivahola, der seljumennene på Selja skal ha omkomme, har ein parallell i ein heller oppunder fjellet ovanfor Kinnakyrkja. Denne hola ber namnet *Bornihelleren*; lokal uttale av etterleddet er *hillar*. Her vart det i 1983 funne kalkmørtel i murrestar av arkitekt Håkon Christie (Losnegård 2012: 139). Det kan vel ikkje heilt utelukkast at helleren ei tid har hatt ei rolle i seljumanna-kulten.

Sunniva blei vernehelgen for Bergen. Det er berre kjent éin kyrkjededikasjon til ho, nemleg i Tjølling i Vestfold (Hommedal 1997 b: 185). «I alt er 23 ikonografiske framstillingar av St. Sunniva bevarte frå norsk mellomalder, dei fleste frå Hordaland, Trøndelag og Nord-Noreg. Konsentrasjonen til Nord-Noreg har tradisjonelt vore forklart som ei følgje av den nære kontakten mellom denne landsdelen og Bergen i mellomalderen» (op.cit.: 186; fotnote utelaten) – men Hommedal meiner helgenanlegget ved Stad kan ha spelt ei viktig rolle, sidan all ferdsel mellom Vestlandet og Nord-Noreg måtte passere her, og Sunniva er omtalt som vernar for sjøfarande (op.cit.: 193–94). Han viser òg at Sunniva-kulten har sett ulike slags spor i Sverige, Danmark, Nord-Tyskland og Finland og på Island (op.cit.: 188–90).

Eit bispesete vart oppretta på Selja under Olav Kyrre i siste halvdel av 1000-talet. Det vart formelt flytta til Bergen ved translasjonen av relikviar i 1170, og reelt skjedde nok maktflyttinga tidlegare. Bjørgvin bispedømme (Bergen stift) femnde størstedelen av tida fram til reformasjonen berre om Hordaland og Sogn og Fjordane. Sunniva var altså vernehelgen for Bergen, og denne statusen må iallfall ha strekt seg utover i bispedømmet. Noko mindre klart er det om statusen

gjaldt vidare ut på Vestlandet – men Vestlandet er jo heller ikkje nokon klart avgrensa storleik.

Sunnmøre låg under bispedømmet i Nidaros/Trondheim heilt fram til 1622, då det blei lagt under Bergen (NHL: 419). I juridisk samanheng låg Sunnmøre derimot under Bergen, i motsetning til Romsdal og Nordmøre (op.cit.: 237–40). Språkleg veit vi at Romsdal er eit grenseområde mellom det nordvestlandske Sunnmøre og det trønderske Nordmøre.

Stavanger bispedømme blei skilt ut frå Bjørgvin i 1120-åra og omfatta Rogaland, Agder, Valdres og Hallingdal; setet blei flytta til Kristiansand i 1682.² Valdres og Hallingdal høyrde òg frå først av inn under Gulatinget; slik t.d. i Landslova av 1274 (Helle 2006: 20). Domkyrkja i Stavanger var vigd til den engelske St. Svithun (død 861–62). I motsetning til Sunniva ser Svithun ikkje ut til å ha sett spor etter seg i norsk namnebruk før i Stavanger i 1898 (NPL: 533).

Når vi skal sjå etter spor etter vernehelgenen Sunniva i utbreiinga av namnet *Synneve*, er det derfor i Sogn og Fjordane og Hordaland vi ventar å finne mest. Rogaland, Agder, Valdres og Hallingdal kan ventast å vere mindre «vestlandske» med omsyn til dette namnet pga. fjernare tilhøyrslø til Bergen i kyrkje-samanheng. Kultutbreiinga kan etter opplysningane frå Hommedal (1997 b) ventast å vere spegla i namnebruken òg i Nord-Noreg. Tjølling i Vestfold med kyrkjededikasjon til Sunniva er òg interessant å undersøkje. Og sidan Selja ligg rett ved grensa mot Møre, er det rimeleg å vente bruk av namnet særleg på Sunnmøre.

Historia om den heilage Borni har tvillaust hatt mindre utbreiing enn kjennskapen til Sunniva, og vi veit ikkje kor gammal ho er. Men ho var altså kjend for presten på Voss på 1600-talet. Dersom utbreiinga av namnet *Borni* er knytt til ein mindre helgenkult av Borni av Kinn som ein figur knytt til St. Sunniva og seljumennene, må vi rekne med svakare utslag (lågare frekvens) i eit mindre område.

Helgenhistoriene er knytte til katolsk kristendom. Frå den dansk-norske reformasjonen i 1536–37 til 1801 er det ca. 265 år. Det er om lag åtte generasjonar – ei lang tid. Etter kvart som protestantismen slo rot i Noreg, blei katolsk tankegods svekt, men kor lenge det sat i, er vanskeleg å vite. Eg skal ikkje gi meg ut i spekulasjonar om det, ut over det som er nemnt om kjelder ovanfor. Det som er klart, er at den religiøse motivasjonen for å bruke helgennamn må ha blitt svekt gradvis i tida etter reformasjonen. Etter kvart må vidareføringa av namn som *Synneve* og *Borni* primært ha vore motivert i oppkalling, i tillegg til faktorar som vi ikkje kjenner. I eit samfunn med etter måten lite flytting vil oppkalling kunne gi høge frekvensar for enkelte namn i avgrensa område, noko som er

² https://snl.no/Stavanger_bispedømme (Lest 20.06.2016).

grunnlag for den namnegeografien som er avdekt i Kinn 2011a, 2011 b, 2015. Men oppkalling er òg ei usikker form for trading, avhengig av ekteskap, barnetal, dødelegheit osv., og det må ofte ha vore tilfeldige heiter som har avgjort om eit namn har overlevd i eit område eller ikkje.

Namna *Synneve* og *Borni*

At *Sunniva* og *Borni* neppe er historiske personar, tyder namna deira på – det er ikkje irske namn, men høvesvis eit gammalengelsk og eit norrønt eitt.

Namnet *Synneve* eller *Sunniva* er identisk med det gammalengelske *Sunnigifu* (jf. Okasha 2011: 49). Det er samansett, og ledda betyr ‘sol’ og ‘gåve’ (NPL: 527). Det er kjent i Noreg frå 1000-talet, og den første kjende (historiske) beraren er *Sunniva Håkonsdotter*, dotter av Håkon Ivarsson jarl (Mundal 1997: 91). Namnet fekk med tida ei rekkje ulike uttalemåtar i talemåla (*Synneve*, *Sønnøv* o.fl.), og det har oppstått kortformer (*Synne* o.l.) (NPL: 528). Meir om dette nedanfor. Namnet har vore «[s]vært mykje brukt på Vestl i etterref. tid, med tyngdepunktet i SogFj, elles særleg brukt i Oppl, Busk og Nord-Noreg» (op.cit.: 527).

Namnet *Borni* kjem av norrønt *Borgny*. Det er òg samansett, og ledda betyr ‘berging, vern’ og ‘ny’ (NPL: 96). Det er «[k]jent i røyneleg bruk frå 1391 (Tønsberg). Ein del brukt i Hord, Ytre Sogn og Fjordane i etterref. tid, mest i formene *Borni* og *Bårni*, elles sporadisk på Sunnmøre og i Trl (særleg Frosta)» (op.cit.: 96–97). Eldre enn den røynelege bruken er ein forekomst i Edda-diktet «Oddrun-gråten». I dette helteidiktet er *Borgny* dotter av kong Heidrek.

Av omtalane i NPL ser ein at det er visse fellestrekk i utbreiing mellom *Synneve* og *Borni*; begge har eit kjerneområde på Vestlandet. Men *Synneve* har hatt vidare utbreiing, og mens det har vore «[s]vært mykje brukt», har *Borni* vore «[e]in del brukt». Det er desse forholda som skal undersøkjast nærmare her.

I Pettersen (1981) si undersøking av personnamn i Vest-Noreg (f.o.m. Romsdal t.o.m. Aust-Agder) 1450–1550 er *Sunniva* på 12. plass blant kvinnenamna med 23 berarar. Dette kan samanliknast med statistikken frå 1645–47 i NPL (s. 622), der det ikkje er med blant dei 18 vanlegaste kvinnenamna i landet (utanfor Trøndelag). Pettersen fann seks berarar på Nordvestlandet (Romsdal, Sunnmøre, Fjordane; 4. plass), ingen i Sogn, ni i Bergen (13. plass), seks i Hordaland elles (6. plass), to i Rogaland og ingen på Agder. På Vestlandet ser namnet altså ut til å ha vore mest brukt på Nordvestlandet og i Hordaland i denne perioden.

Namnet *Borgny* fann Pettersen (op.cit.) to berarar av. Den eine er «Bornj Jacobs dotter vdj Laffris Bentsens gardt» i Bergen, den andre «Borny pa Afflyndhe», dvs. Avlein i Stryn (òg kalla Auflem), sjå NRJ (2: 130, 631). I dette heller avgrensa materialet har *Sunniva* altså 11,5 gonger fleire berarar enn *Borgny*.

Synneve og *Borni* i Noreg i 1801

Folketeljninga av 1801 gir det eldste tilnærma fullstendige bildet av folket i Noreg. Her skulle alle personar førast med namn og ei rekkje andre opplysningar. Særleg for kvinnenamna er denne kjelda viktig, ettersom eldre kjelder som skattelister, futerekneskapar og manntal berre i liten grad nemner kvinner. Dei beste kjeldene til kvinnenamn før 1801 er elles kyrkjebøker og skifteprotokollar, men ingen av desse kjeldetypane brukar å gå mykje lenger tilbake enn til ca. 1700.

Eg har brukt dei digitale versjonane av 1801-teljninga, på både det gamle og det nye Digitalarkivet.³ For begge namna brukte eg det gamle arkivet til å søkje fram lister over aktuelle namneformer. Av *Borni* (i ulike variantar) var det såpass få forekomstar (220 berarar = 0,5 % av kvinnene) at eg registrerte dei ut frå lista over persontreff i det gamle Digitalarkivet: talet på berarar fordelt på prestegjeld. Derimot hadde *Synneve* (med variantar og kortformer) så mange forekomstar (4117 berarar = 8,7 %) at eg brukte det nye Digitalarkivet og søkte dei fram prestegjeldsvis. Eg brukte òg det nye Digitalarkivet til å finne talet på kvinner i kvart amt (eller futedømme, sjå nedanfor), slik at eg kunne rekne ut relative frekvensar.

Formvariasjonen for *Borni* er avgrensa. Formene i den digitale versjonen av 1801-teljninga begynner alle på *Born-*, *Baarn-* eller sjeldnare *Børn-* eller *Barn-* – det siste kan vel vere feillesing av *Born-*. Etter *n*-en finn ein oftast *-i* eller *-ie*, sjeldnare *-e*, *-y*, *-ia*.

Synneve oppviser derimot nokså ekstrem variasjon, med 111 ulike stavemåtar i den digitaliserte teljninga når kortformer er tatt med. Namnet er alltid skriva med *S-*. Den første vokalen er oftast *y* eller *ø*, sjeldnare *u*, *o*, *i* og *e*. Så følgjer *nn* eller *n*. Resten av namnet står for det meste av variasjonen. I tillegg til kortformer på *-e*, *-i* og liknande, varierer stavingstal, vokalisme og konsonantisme i etterleddet. Det vil føre for langt å gjere greie for alt. Men det kan nemnast at det er ein del feillesingar i det digitale registeret, som t.d. 13 tilfelle av *Synes* i Vefsn; det står nok faktisk *Synef*.

Tabell 1 viser forekomstane av dei to namna i folketeljninga frå 1801. Eg har brukt moderne fylkesnamn i staden for dei gamle amtsnemningane. Vestlandsfylka, Oppland og Buskerud er delte inn i mindre einingar for å få fram intern geografisk variasjon.

Synneve var 18–19 gonger meir frekvent på landsbasis enn *Borni*. Namnet har høgst relativ frekvens i Sogn og Fjordane, med heile 45,2 % av kvinnene.

³ Gammalt arkiv: gda.arkivverket.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=f1801

Nytt arkiv: digitalarkivet.arkivverket.no/ft/sok/1801

Tett etter følgjer Sunnmøre. Går vi nordetter, fell frekvensen raskt frå Romsdal til Trøndelag, med berre 1,1 ‰ i Sør-Trøndelag, men han når høgge att i Nord-Noreg, særleg Troms, med 13,7 ‰. Sørøver er frekvensen høgst i Hardanger og Voss og i Nordhordland og vert gradvis lågare i Sunnhordland og i Ryfylke. Bergen by har relativt færre berarar enn omlandet. På Jæren og i Dalane er det få berarar, og i Vest-Agder ingen. I Aust-Agder og på Austlandet er frekvensen låg, bortsett frå i Oppland og Buskerud. Frekvensen er 11,0 ‰ i Hallingdal og 7,9 ‰ i Valdres, men høgst på Austlandet når Gudbrandsdalen med 14,5 ‰.

Tabell 1. Utbreiinga av *Synneve* og *Borni* i 1801

	<i>Synneve</i>		<i>Borni</i>			<i>Synneve</i>		<i>Borni</i>	
	N	‰	N	‰		N	‰	N	‰
Østfold	33	1,3	0	0,0	Hordaland	1044	24,6	88	2,1
Akershus	14	0,5	0	0,0	Hardanger og Voss	259	33,6	6	0,8
Oslo	5	0,6	0	0,0	Sunnhordland	264	21,5	47	3,8
Hedmark	6	0,2	0	0,0	Nordhordland	350	30,8	24	2,1
Oppland	278	8,2	0	0,0	Bergen	171	17,4	11	1,1
Gudbrandsdalen	215	14,5	0	0,0	Sogn og Fjordane	1239	45,2	91	3,3
Valdres	46	7,9	0	0,0	Indre Sogn	253	45,0	0	0,0
Oppland elles	17	1,3	0	0,0	Ytre Sogn	290	44,8	8	1,2
Buskerud	185	5,3	0	0,0	Sunnfjord	337	42,2	39	4,9
Hallingdal	53	11,0	0	0,0	Nordfjord	359	48,8	44	6,0
Buskerud elles	132	4,4	0	0,0	Møre og Romsdal	756	25,2	26	0,9
Vestfold	28	1,3	0	0,0	Sunnmøre	483	40,6	26	2,2
Telemark	43	1,7	0	0,0	Romsdal	194	28,0	0	0,0
Aust-Agder	1	0,1	0	0,0	Nordmøre	79	7,0	0	0,0
Vest-Agder	0	0,0	0	0,0	Sør-Trøndelag	33	1,1	0	0,0
Rogaland	96	4,1	7	0,3	Nord-Trøndelag	31	1,4	7	0,3
Dalane og Jæren	5	0,4	6	0,5	Nordland	170	6,3	0	0,0
Ryfylke	91	7,6	1	0,1	Troms	134	13,7	0	0,0
					Finnmark	21	5,3	0	0,0
					Heile landet	4117	8,7	220	0,5

Borni når ikkje slike frekvensar og har ei snevrare utbreiing. På fylkesnivå er dette namnet òg vanlegast i Sogn og Fjordane, med 3,3 ‰ av kvinnene. Nord-

over finst namnet på Sunnmøre med 2,2 ‰, men så er det slutt – med unntak av sju berarar i Nord-Trøndelag, alle i Frosta prestegjeld (jf. NPL ovanfor). (Forma i Frosta er *Borne*.) Går vi sørretter, er namnet vanleg i Hordaland. Den høge frekvensen på 3,8 ‰ i Sunnhordland kjem mykje av ein lokal topp på 33,6 ‰ (14 berarar) i Samnanger; elles i Sunnhordland er frekvensen 2,8 ‰. Det er nokre berarar i Rogaland, men elles i landet finst ikkje dette namnet.

Drøfting og avslutning

På bakgrunn av at St. Sunniva var vernehelgen for Bergen, venta vi at namnet *Synneve* skulle vere særleg frekvent i område som har lege lengst under bispestolen i Bergen, dvs. Sogn og Fjordane og Hordaland. Og sidan Selja grensar til Sunnmøre, venta vi å finne mykje bruk der. Det viser seg at Sogn og Fjordane – der Selja ligg – har klart høgst frekvens av *Synneve*: 45,2 ‰. Deretter følgjer Møre og Romsdal med 25,2 ‰ og Hordaland med 24,6 ‰. I Hordaland har Bergen klart lågare frekvens enn bygdene, og Hordaland utanom Bergen har 26,8 ‰, altså høgare enn Møre og Romsdal. Langs kysten fell frekvensen både nordover og sørover – frå Sunnmøre til Sør-Trøndeleg og frå Nordhordland til Vest-Agder. Bjørgvin bispedømme og områda rundt Selja står altså klart i ei særstilling.

I Rogaland går det eit klart skilje ved Boknafjorden, og på Agder er *Synneve* så godt som fråverande. Her er det altså lite teikn til at den gamle tilhørsla til Gulatinget har overlevd i bruk av dette namnet. Men går vi til innlandsområda Valdres og Hallingdal, som ei tid var del av Gulating og lenge låg under Stavanger, finn vi høgare frekvensar for *Synneve* enn elles på Austlandet. Vel å merke kjem Gudbrandsdalen endå høgare, og dette området har så vidt eg kjenner til, aldri lege under Vestlandet. Gamle ferdselsveggar ut av dalen gjekk rett nok over fjellet til Romsdal, Sogn og Nordfjord, så det har vore ein god del kontakt med dei områda.

Sunniva-kulten som er dokumentert for Nord-Noreg, kan nok òg sjåast i namneutbreiinga. Mens *Synneve* er lite frekvent i Trøndelag, er det meir brukt lenger nord, særleg i Troms. Derimot var det i 1801 ingen som heitte *Synneve* i Tjølling i Vestfold; i det heile var namnet lite brukt i den delen av landet.

Sidan Borni av Kinn ser ut til å ha vore kjend som ein mindre helgen knytt til St. Sunniva, venta vi at namnet *Borni* skulle ha ei meir moderat utbreiing i hovudsak innanfor kjerneområdet til *Synneve*. Det stemmer nokså godt: Namnet var i 1801 i bruk frå Dalane til Sunnmøre (men ikkje i Indre Sogn), og i ein utpost i Frosta i Nord-Trøndelag. (Eg har ikkje funne noko i litteraturen, t.d. hos Audun Dybdahl, som kan forklare det siste.) Men lengst sør i utbreiingsområdet, i Dalane og på Jæren, var *Borni* faktisk (så vidt) meir frekvent enn *Synneve*. Om vi rangerer futedømme på Vestlandet, var frekvensen høgst i Nordfjord,

Sunnfjord, Sunnhordland, Sunnmøre og Nordhordland. Som nemnt mangla det i Indre Sogn, og det var lite brukt i det andre indre futedømmet òg: Hardanger og Voss. Det har altså eit visst preg av å vere eit kystnamn, men aller mest eit Fjordane-namn. Som gammalt toledda nordisk namn har det då ei heller utypisk utbreiing, sidan Fjordane i 1801 var meir prega av innlånte namn enn gamle nordiske (Kinn 2011).

Funna ovanfor provar ikkje nokon kausal samanheng mellom Sunniva-kulten og utbreiinga av namnet *Synneve*, men dei fleste vil vel kunne vere samde i at det er rimeleg å tolke det slik at det er ein samanheng. Funna påviser heller ikkje nokon kausal samanheng mellom segnene om Borni av Kinn og utbreiinga av namnet *Borni*, og det at *Borni* er allment langt mindre kjend i vår samtid, gjer det nok vanskelegare å argumentere overtydande for det. Men ut frå talmaterialet er denne siste samanhengen neppe så mykje mindre rimeleg enn den første. Funna peikar mot samanhengar som det er umogleg å bevise. Om ein gjer tilsvarande undersøkingar for alle personnamn, ville ein utan tvil kunne finne fleire med liknande geografisk utbreiing som ikkje har noko forklaringsgrunnlag i religiøse eller andre samfunnstilhøve.

Stiller ein krav om bevisførsel, er prosjektet for artiklar som denne dømt til å mislykkast. Men skal ein komme fram til nye innsikter om utbreiinga av personnamn, er ein nøydd til å utforske mindre klare tilhøve som desse. Ein må forsøkje å avdekkje moglege samanhengar og vurdere kor sannsynlege dei er.

Utbreiinga av namnet *Synneve* kan sjå ut til å vere knytt til Sunniva-dyrking, og likeins ser det ut til å vere ein samanheng mellom Hallvards-dyrking og utbreiinga av namnet *Halvor* (sjå ovanfor). Olavs-kulten kan derimot sjå ut til å ha vore så sentral at han overskrei geografien her i landet; namnet *Ola(v)* har vore allment utbreidd. Eg har utforska tilhøvet mellom ein mindre helgen og utbreiinga av hennar namn, *Borni*, og vist at det finst ein mogleg samanheng. Eit par historiske helgenar som det kunne vere interessant å sjå som ein parallell til Sunniva og Borni, er dei heilage jarlane på Orknøyane: Magnus og søstersonen Ragnvald (jf. Mundal 1995: 115–16). Av desse var Magnus mykje dyrka og kan stillast på linje med Hallvard og Sunniva, mens Ragnvald høyrer med blant dei mindre nordiske helgenane. Ein kan undrast om den særleg vestlandske utbreiinga av *Mons* (NPL: 399) og *Rognald* (NPL: 460 s.v. *Ragnvald*) har samanheng med dyrking av desse to. Det er iallfall ein type spørsmål det kan vere verdt å stille.

Eg har vore inne på den store avstanden i tid mellom katolsk tid og folketeljinga i 1801. Både kyrkjelege og folkelege katolske historier må ha vorte monaleg mindre viktige i løpet av åtte slektsledd. Etter kvart som minnet om Sunniva av Selja og Borni av Kinn vart svekt, forsvann den religiøse motivasjonen for å bruke namna *Synneve* og *Borni*, og vidareføringa vart avhengig av

oppkalling og ulike ukjende faktorar. Vi kan t.d. ikkje vite i kva grad *Synneve* var brukt i Tjølling i mellomalderen for så å forsvinne seinare, og vi kjenner ikkje grunnen til at *Borni* var så vanleg i Samnanger i 1801. Folketeljinga frå 1801 er naturlegvis ei usikker kjelde til namneutbreiinga før ca. 1750, men for kvinnenamn er ho kanskje likevel det beste alternativet. Vel å merke finst det ein del kjelder som er eldre, men dei er svært ufullstendige og vanskelegare å bruke for å danne seg eit heilskapsbilde av utbreiinga av kvinnenamn i Noreg. For mannsnamn er situasjonen noko betre, om ein vil forsøkje å studere samanhengane mellom namneskikk og større og mindre norske helgenfigurar.

Referansar

- Borgehammar, Stephan 1997: Sunnivallegenden och den benediktinska reformen i England. Magnus Rindal (red.): *Selja – heilag stad i 1000 år*. 123–59. Oslo.
- Dybdahl, Audun 2000: Kirkededikasjoner og helgenvenerasjon i Nord-Trøndelag. *Nord-Trøndelag historielag. Årbok 77*. 95–102.
- Dybdahl, Audun 2008: Navneskikken i Trøndelagsregionen i senmiddelalderen. Personnavnforrådet i lys av helgenkulten. *MM* 2008. 111–41.
- Fladby, Rolf, Steinar Imsen og Harald Winge (red.) 1995: *Norsk historisk leksikon*, 2. utg. Oslo.
- Helgason, Jón 1967: Småstykker, 8: Gert Miltzows 'lille permen'. *Opuscula 3 (Bibliotheca Arnamagnæana 29)*. 289–91.
- Helle, Knut 2006: Den opphavlige vestlandsregionen. Knut Helle (red.): *Vestlandets historie*, bd. 2. 8–59. Bergen.
- Hommedal, Alf Tore 1997 a: Bakgrunnen for helgenanlegget på Selja og staden si rolle i den tidlege kristninga av Vest-Noreg. Magnus Rindal (red.): *Selja – heilag stad i 1000 år*. 43–76. Oslo.
- Hommedal, Alf Tore 1997 b: «Dei heilage frå Selja». Vurdering av kulten rundt St. Sunniva og Seljumennene og Selja si rolle som pilegrimsmål i mellomalderen. Magnus Rindal (red.): *Selja – heilag stad i 1000 år*. 183–99. Oslo.
- Huitfeldt-Kaas, H.J. (red.). 1896: *Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede*, bd. 2. Christiania.
- Johannessen, Ole-Jørgen 2002: Kristne personnavn i norsk middelalder. *NORNA-rapporter 74*. 9–57.
- Johannessen, Ole-Jørgen 2013: *Baste, Fabian og Chrispinus*. Tom Schmidt (red.): *Målblomar til Margit*. 75–91. Oslo.
- Kinn, Torodd 2011 a: Førenamnsgeografi i Bergenhus-amta i 1801. *SAS* 29. 63–104.
- Kinn, Torodd 2011 b: Førenamnsgeografi i 1801: Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. *NN* 28. 27–56.
- Kinn, Torodd 2015: Mannsnamnsgeografi i Noreg i 1801. Klyngjeanalyse brukt på eit stort antroponymisk materiale. *NORNA-rapporter 91*. 53–63.
- Kruken, Kristoffer 1991: Namnet *Olav* og reformasjonen. *Nytt om namn* 14. 22–24.
- Kruken, Kristoffer og Ola Stemshaug. 2013: *Norsk personnamleksikon*, 3. utg. Oslo.
- Losnegård, Gunnar 2012: *Historia om Flora*, bd. 1. Førde.
- Moltke, Erik 1956: *Jon Skonvig og de andre runetegnere*. (*Bibliotheca Arnamagnæana Supplementum 1*.) København.

- Mundal, Else 1995: Helgenkult og norske helgenar. *Collegium Medievale* 8. 105–29.
- Mundal, Else 1997: Legender, helgenkult og misjonsstrategi i kristningstida. Magnus Rindal (red.): *Selja – heilag stad i 1000 år*. 77–101. Oslo.
- NHL: Sjø Fladby, Rolf, Steinar Imsen og Harald Winge.
- NPL: Sjø Kruken, Kristoffer og Ola Stemschaug.
- NRJ: Sjø Huitfeldt-Kaas, H.J.
- Okasha, Elisabeth 2011: *Women's Names in Old English*. Farnham.
- Pettersen, Egil 1981: *Personnavn i Vest-Norge 1450–1550*. Oslo.
- Rekdal, Jan Erik 1997: Legenden om Sunniva og Seljemenneskene. Magnus Rindal (red.): *Selja – heilag stad i 1000 år*. 102–22. Oslo.
- Schäfer, Joachim 2014: Sunniva von Selje und Gefährten. I: *Ökumenisches Heiligenlexikon*.
https://www.heiligenlexikon.de/Biographien/Sunniva_von_Selje.html (Lest 20.06.2016).
- Schmidt, Tom 1992: *Jetmund*. SAS 10. 25–42.
- Vederhus, Sigurd 1990: *Kinna-kyrkja*. [Florø.]